

Utval: KIKS - Styret
Møtestad: Buen kulturhus, Mandal
Dato: 04.04.2018
Tid: 09:30

Forfall meldast til utvalssekretær Anne Liv Lidtveit som syter for innkalling av varamenn.
Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Mykland	NESTL	
Jon Rolf Næss	MEDL	
Terje Damman	LEDER	
Svein Arne Jerstad	MEDL	
Torunn Ostad	MEDL	
Margrethe Handeland	MEDL	
Jon-Olav Strand	MEDL	

Terje Damman
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn
dagleg leiar

Saksnummer	Innhald
PS 11/18	Godkjenning av møteprotokoll
PS 12/18	Orienteringar
OS 4/18	Oppdatering i Beredskapsplan
OS 5/18	Oppdatering - Forvaltaravtale som fylgje av fråfall av GCM
PS 13/18	Referatsaker
RS 1/18	Samarbeidet mellom LVK og KIKS
RS 2/18	Referat frå møte mellom KIKS og Åseral kommune 12. mars 2018, inkludert oppfølging
PS 14/18	Drøftingssaker
PS 15/18	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 16/18	Avvik frå risikostrategi
PS 17/18	Møtegodtgjeringsreglement
PS 18/18	Endra utbetalingsprognose 2018
PS 19/18	Årsmelding og årsrekneskap 2017
PS 20/18	Eventuelt

PS 11/18 Godkjenning av møteprotokoll

PS 12/18 Orienteringar

OS 4/18 Oppdatering i Beredskapsplan

OS 5/18 Oppdatering - Forvaltaravtale som fylgje av fråfall av GCM

PS 13/18 Referatsaker

LVK
Postboks 1148 Sentrum
0104 OSLO

Sendt per e-post til post@lvk.no

Vår ref:
2018/3-1

Sakshandsamar:
Anne Liv Lidtveit
☎ 379 37 500
all@konsesjonskraft.no

Arkiv:

Dato:
16.03.2018

Samarbeidet mellom LVK og KIKS

Gjennom fleire tiår har Konsesjonskraft IKS hatt eit samarbeidd med LVK. Samarbeidet strekker seg heilt tilbake til oppstarten av dåverande Konsesjonskraftfondet for Aust-Agder på 1980-talet og fram til i dag, men Konsesjonskraft IKS har dei seinare åra registrert eit anna samarbeidsklima enn tidlegare. Ein tek derfor nå kontakt med LVK gjennom dette brevet for å legge fram vårt syn på saka, og håpar vi framover kan ha eit godt samarbeid til fordel for kommunane og konsesjonskraftordninga.

Utslagsgivande for brevet er avgjerda i LVK som innebar at administrasjonen og styret i KIKS ikkje fekk tilgong til LVK si regionsamling i Kristiansand tidlegare i år. Bakgrunnen, som blei vidareformidla til oss i ein e-post frå Torfinn Opheim like før jol, var at LVK i sitt årlege strategimøte i slutten av november gav uttrykk for dei store utfordringar LVK og medlemskommunane står ovanfor, og at dette måtte drøftast grundig og internt på regionmøta. Det blei derfor bestemt at regionmøta i 2018 skulle vere reservert medlemskommunane, utan høve for KIKS eller andre til å delta.

Vi stiller oss noko undrande til denne avgjerda i LVK, sidan den speglar på utfordringar som medlemskommunane står overfor. Dei same medlemskommunane er også deltakarar i KIKS, og har gjennom selskapsavtalen overlete ansvaret for forvaltninga av konsesjonskrafta til KIKS. Dei har sjølv sagt ikkje overlete konsesjonskraftretten til KIKS, men forvaltninga er det KIKS som tek seg av.

Vi meiner derfor det er feil at KIKS skal sjåast på som eksterne på eit regionmøte i LVK, som i alle høgaste grad inneheld konsesjonskraftspørsmål. Vi har forståing for at delar av programmet skulle innehalde diskusjon om LVK-interne spørsmål, men då kunne ein heller lukka regionmøta for KIKS og andre på desse sekvensane.

Postadresse:	Telefon:	Epost:
4747 Valle	37 93 75 00	post@konsesjonskraft.no
Organisasjonsnr: 971 330 937		
Bankgiro: 8111.05.25273		

Ei utfordring alle kraftkommunar står overfor framover, er mangel på hydrologikompetanse tilgjengeleg for kommunane. Hydrologiservice ved Einar Østvold har i mange år vore ein viktig ressurs for kommunane, men han blir ikkje yngre og ein ser behovet for etterfylgjande kompetanse etter Einar.

På eit hydrologiseminar i juni 2016 blei LVK, KIKS, Konesjonskraftstyret i Telemark og Hydrologiservice einige om å starte to prosjekt, der KIKS blei prosjektansvarleg og sekretær for å sikre hydrologikompetanse på kommunesida og LVK prosjektansvarleg og KIKS sekretær for arbeid med OED-prisen.

KIKS har arbeidd etter avtalt framdriftsplan med begge prosjekta, men har sakna tilsvarande engasjement frå LVK. KIKS har sjølv sagt forståing for at ein i ein travel kvardag må prioritere, men vi opplevde likevel at hydrologiprojektet blei sterkt nedprioritert av LVK.

Denne oppfattinga fekk vi på mange måtar stadfesta når LVK under landsmøtet la fram sitt arbeidsprogram for det neste året. Der var ikkje hydrologiprojektet nemnt med eit ord. Vidare hadde prosjektgruppa eit statusmøte via skype 13. oktober 2017. Då uttalte LVK at dei ønskte å bruke sine regionmøte i starten av 2018 på å informere om hydrologiprojektet. Av programmet som var på regionmøtet i Kristiansand i januar, blei ikkje hydrologiprojektet nemnt med eit ord. KIKS har som sekretær for OED-pris prosjektet fleire gonger etterlyst status frå LVK som prosjektansvarleg utan å få svar.

I KIKS er vi opptatt av å samarbeide om millionane, og ikkje slåst om kronene. Måten vi er organisert på gjer at konesjonskraft er eit samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunane på ein unik måte, som er til fordel for begge partar. Vi blir oppfatta som ein profesjonell part når vi inngår kontaktar på forvaltartenester, banktenester o.l., og ikkje minst har fleire konesjonærar gitt klart uttrykk for at det er ein fordel å kunne halde seg til oss og ikkje til alle små og store konesjonskraftkommunar og -fylkeskommunar. At KIKS også etter kvart er ei stemme som talar same sak som LVK, er til konesjonskraftordninga sin fordel. Det er utan tvil lettare å bli høyrtdersom to seier det same, ikkje berre ein.

KIKS ser det som svært viktig å ha eit godt samarbeid med organisasjonar som LVK og Kraftfylka og at vi saman kan arbeide for å trygge verdiane for kommunane og fylkeskommunane.

For KIKS er det uklart korleis samarbeidet med LVK best muleg kan løysast og ønskjer ein dialog for å avklare roller og felles mål.

Med helsing

Terje Damman
Styreleiar

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

Brevet er elektroniske godkjent, og har derfor ikkje signatur

Til:

Glenn Qvam Håkonsen, Oddmund Ljosland, Kjell Gunnar Olsen og Terje Damman

Vår ref:
2014/20-17

Sakshandsamar:
Anne Liv Lidtveit, 37937526
all@konsesjonskraft.no

Arkivkode:
S05

Dato:
16.03.2018

Referat frå møte mellom KIKS og Åseral kommune 12. mars 2018, inkludert oppfølging

Til stades i møtet:

Terje Damman	Styreleiar KIKS
Glenn Qvam Håkonsen	Dagleg leiar KIKS
Anne Liv Lidtveit	Rådgevar KIKS
Oddmund Ljosland	Ordførar Åseral kommune
Kjell Gunnar Olsen	Rådmann Åseral kommune

Bakgrunnen for møtet var ei avklaring av forholdet mellom primært KIKS og Åseral kommune i den varsla rettssaka mellom Agder Energi Vannkraft AS og Olje- og energidepartementet.

Agder Energi Vannkraft (AEVK) har den 28. februar 2018 sendt stevning til Oslo Tingrett. Kort fortalt meiner AEVK at vilkåret om endring frå individuell sjølvkostpris til OED-pris i både kgl res 6. desember 2013 og 3. februar 2017, er ugyldig, og har nå saksøkt OED.

LVK har erklært at dei vil vere partshjelp i saka, då utfallet av denne har stor prinsipiell avgjerd for alle medlemskommunane deira.

KIKS og Åseral kommune er einige om at i denne saka må alle gode krefter arbeide saman, og ein ser for seg eit samarbeid mellom KIKS, Åseral og LVK som partshjelp. Forholdet til Vest-Agder fylkeskommune bør også avklarast på eit tidspunkt.

Ein blei einig i møtet 12. mars om fylgjande:

- 1) KIKS skal kontakte Stein Erik Stinessen i LVK i løpet av veka, og forsøke avklare ein dato for eit fysisk møte mellom KIKS, Åseral og LVK.
- 2) KIKS skal koordinere opp mot LVK og OED – men orienterer heile tida Åseral kommune.

Oppfølging av møtet og status:

KIKS har den 16. mars 2018 hatt eit kort telefonmøte med Stein Erik Stinessen i LVK for å undersøke korleis vi kan organisere arbeidet framover, og også forsøke avklare kva tidsperspektiv vi talar om.

LVK har ennå ikkje hatt tid til å sette seg inn i saka, men ser ikkje for seg at denne rettssaka kjem opp før i haust. Ein har derfor forholdsvis god tid.

Ein avtalte med Stein Erik at LVK skulle kome tilbake til KIKS når dei har fått sett på saka.

Anne Liv Lidtveit
Referent

PS 14/18 Drøftingssaker

PS 15/18 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
16/18	KIKS - Styret	04.04.2018

Avvik frå risikostrategi

Dagleg leiar tilrår:

Avvik frå risikostrategien på 100 GWh for år 2020 og 100 GWh for år 2021.
Administrasjonen får ei ramme på inntil 5 mill € for å valutasikre dette avviket.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ifølgje prognosane er det ei god oppside i kraftprisane i terminmarknaden for år 2020 og 2021, og det kan virke som at det ikkje er så mange kjøparar så langt fram i tid. Styret blir derfor beden om å sjå på moglegheita for å avvike frå risikostrategien ved å sikre mindre på år 2020 og 2021.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka?

KIKS skal take vare på verdien for deltagarane, og med så stor potensiell oppside det er i marknaden no, så er det å no take ein posisjon ved å avvike frå risikostrategien med på å gjere dette.

3. Saksopplysningar

Marknaden har utvikla seg positivt det siste året og prisane har løfta seg, men primært på dei næraste 1-2 åra. I tillegg er det og lite likviditet på åra 2020 og 2021, noko som gjer det vanskeleg å oppnå marknadsprisar når ein vil handle på desse åra.

Wattsight (tidlegare Markedskraft) har store oppsider på åra 2020 og 2021, dette er begrunna i auka prisar på kull, stadig aukande CO2-prisar og utfasing av kjernekraft utan at nok fornybar kraft kjem til.

Pris i marknaden i dag er på ca 25 øre/kWh, og med ei definert nedside på ca 7 øre/kWh (nær lågaste pris registrert for eit år), og ei oppside jamfør Wattsight på ca 7 øre/kWh, så vil dei moglege økonomiske konsekvensane av 100 GWh avvik på kvart år 2020-2021 (200 GWh totalt), gje ei opp/nedside på om lag 14 millionar kronar.

Risikostrategien opnar for at adm kan avvike med opp til 600 GWh frå jamn sikring om prisprognosane er betydelig høgare enn marknadspris. Av denne ramma er ca 400 GWh no utnytta, og for å unngå å auke posisjonen opp mot maksgrensa og risikere å kome i ein situasjon der ein må selje uavhengig av prisnivå, så meiner adm at styret bør vurdere eit avvik frå risikostrategien ved at styret tek ein posisjon og dermed tar bort 100 GWh frå risikostrategien for kvart av åra 2020 og 2021, totalt 200 GWh.

4. Vurdering

Adm i KIKS meiner, i samråd med LOS og Markedskraft, at det er meir sannsynleg at kraftprisen for år 2020 og 2021 går opp enn ned. Adm anbefaler difor å nytte reservekapital for å kunne handtere usikkerhet ved å avvike frå strategien. Saka vart lagt fram for PFU i mars, og eit samrøystes PFU slutta seg til denne anbefalinga.

Adm ønskjer også å valutasikre denne posisjonen, då det er stor sannsynlighet for at den norske krona vil styrke seg mot euro i tida frametter, og for å unngå å tape terminpunkter på å ikkje sikre kraft og valuta jamt gjennom året. Eit potensielt avvik på 200 GWh har pr i dag ein verdi på ca 5 mill €, og adm meiner dette kan vere ei passande ramme.

Valle, den 23.03.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
17/18	KIKS - Styret	04.04.2018
	KIKS - Representantskapet	

Møtegodtgjeringsreglement

Dagleg leiar tilrår:

Møtegodtgjeringsreglementet blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Ein har gjennom 2017 oppdaga at møtegodtgjeringane i styret er til dels vanskeleg å praktisere. Ein legg derfor fram eige møtegodtgjeringsreglement for styret og representantskapet, som seinare blir ein del av budsjett 2019 og økonomiplan 2020-2022.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Dersom KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane, er vi avhengige av eit styre og eit representantskap som bidreg for å nå målet. At medlemmene derfor får godtgjering for arbeidet og/ eller dekning av utgifter, synast rimeleg.

3. Saksopplysningar

Ein har fram til nå hatt godtgjering på kr 2500,- per styremøte, i tillegg til reisegodtgjering. Styreleiar har årleg honorar. Det er ikkje blitt utbetalt tapte arbeidsforteneste.

Vidare har det vore usikkert om styremedlemmene skal ha godtgjering dersom dei møter på seminar eller liknande.

4. Vurdering

For at møtegodtgjering, tapte arbeidsforteneste og reisegodtgjering skal bli praktisert likt, og vere lettare for administrasjonen å forhalde seg til, er det blitt utarbeidd eit reglement som ligg vedlagt saka.

Det er få endringar frå tidlegare praksis, med unntak for at ein nå opnar for at dei styremedlemmene som ikkje er heiltidspolitikarar, og med det må ta fri frå arbeid eller liknande for å kunne møte på styremøte, får dekt den tapte arbeidsfortenesta. Likestilt med dette er dei som får dokumenterbare utgifter fordi dei må møte på styremøte, dei får desse utgiftene dekt.

Valle, den 23.03.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

1 2018_Møtegodtgjeringsreglement



Møtegodtgjeringsreglement

Representantskapsmedlemmar

Representantskapsmedlemmane får ikkje møtegodtgjering når dei møter på møte i regi av Konesjionskraft IKS, verken Representantskapsmøte eller andre.

Leiaren av representantskapet har møtegodtgjering per Representantskapsmøte, kr 5 000,- per møte.

Leiaren av representantskapet har møte- og talerett i styremøta, jf. Selskapsavtalen § 6. Dersom leiar i representantskapet møter i styret, skal vedkommande godtgjerast med kr 2 500,- per styremøte.

Representantskapsmedlemmene kan få refusjon for faktiske reiseutgifter til alle møter, seminar eller liknande i regi av Konesjionskraft IKS. Refusjonskrav sendast på eige skjema, med fastsette satsar.

Styret

Styreleiar har eit årleg honorar på kr 50 000,-. Dette dekker også møtegodtgjering per møte.

Styremedlemmane får møtegodtgjering kr 2 500,- per styremøte.

Dei av styremedlemmane som har tapt arbeidsforteneste for å møte på styremøte, får dekt dette, inntil årslønn tilsvarande 8G. Andre dokumenterbare utgifter kan bli godtgjort i staden for tapt arbeidsforteneste, der dette er mest formålstenleg.

Det blir ikkje utbetalt møtegodtgjering på seminar og kurs, men tapt arbeidsforteneste eller dokumenterbare utgifter lik avsnittet over, blir dekkja.

Styremedlemmene kan få refusjon for faktiske reiseutgifter til alle møter, seminar eller liknande i regi av Konesjionskraft IKS. Refusjonskrav sendast på eige skjema, med fastsette satsar.

Vedtatt av representantskapet XX.XX.XXXX

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
18/18	KIKS - Styret	04.04.2018
	KIKS - Representantskapet	

Endra utbetalingsprognose 2018

Dagleg leiar tilrår:

Endra utbetalingsprognose for 2018 blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

KIKS sendte i oktober 2017 ut utbetalingsprognosar for 2018 og økonomiplan for 2019-2021. Dette vart vedteken i representantskapet i desember 2017. KIKS signaliserte alt i representantskapet at resultatet i 2017 låg godt an og at terminprisane på kraft i løpet av hausten løfta seg, noko som kunne gje grunnlag for ei auke i utbetalingsprognosane alt for 2018.

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

Konsesjonskraft IKS skal sørge for påreknelege og stabile inntekter til deltakarane.

3. Saksopplysningar

Oversyn over vedteken utbetaling og nytt forslag:

Utbetalingsprognose	2017	2018 vedteken	2018 ny	endring
KIKS	92 154 015	93 933 000	103 854 000	9 921 000
Aust Agder fylkeskommune	38 600 000	37 063 000	39 654 000	2 591 000
Vest Agder fylkeskommune	8 000 000	12 691 000	14 948 000	2 257 000
Arendal	1 200 000	1 075 000	1 118 000	43 000
Audnedal	220 000	201 000	278 000	77 000
Birkenes	440 000	413 000	429 000	16 000
Bygland	4 100 000	3 639 000	4 002 000	363 000
Bykle	13 200 000	12 389 000	13 013 000	624 000
Evje og Hornnes	490 000	435 000	435 000	-
Flekkefjord	1 000 000	1 350 000	1 575 000	225 000
Froland	2 900 000	2 630 000	2 630 000	-
Grimstad	1 000 000	868 000	902 000	34 000
Hægebostad	16 000	17 000	20 000	3 000
Iveland	2 000 000	1 854 000	1 854 000	-
Kristiansand	30 000	43 000	51 000	8 000
Kvinesdal	3 000 000	3 580 000	4 836 000	1 256 000
Lindesnes	120 000	128 000	154 000	26 000
Marnardal	1 200 000	1 128 000	1 391 000	263 000
Sirdal	900 000	1 320 000	2 143 000	823 000
Valle	7 138 015	6 207 000	7 026 000	819 000
Vennesla	1 900 000	2 169 000	2 603 000	434 000
Åmli	2 300 000	2 055 000	2 055 000	-
Åseral	2 400 000	2 678 000	2 737 000	59 000

4. Vurdering

Det leggst opp til ei auke i utbetalingane i 2018 på kr 9 921 000. Dette fordelast på deltakarane etter kor mykje dei har i reservekapital, endringar i resultat for 2017 basert på faktisk kjøpskost og for nokre kommunar og fylkeskommunane faktisk forbruk til alminneleg forsyning. Målet er at utbetalingane skal vere jamne og påreknelege og difor vil det for fleire deltakarar ikkje vere noko endring. Utbetalingsprognosane for 2019-2021 ligg an til å aukast og vil vere sak i representantskap i desember 2018.

Valle, den 23.03.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar

Saksmappenr:2016/8 -5
Arkiv: 145
Sakshandsamar: Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
19/18	KIKS - Styret	04.04.2018
	KIKS - Representantskapet	

Årsmelding og årsrekneskap 2017

Dagleg leiar tilrår:

Årsmelding og årsrekneskap 2017 blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Utkast til årsmelding og årsrekneskap 2017 vert lagt fram for styret for behandling

2. Kva er samanhengen mellom strategiplanen og denne saka

3. Saksopplysningar

Vedlagt fylgjer utkast til årsmelding og årsrekneskap

4. Vurdering

Valle, den 23.03.2018

Glenn Qvam Håkonsen
dagleg leiar



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

ÅRSMELDING 2017



Styreleiar har ordet

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er einaste samarbeide av sitt slag i landet. Med 20 kommunar og 2 fylkeskommunar som omset 862 GWH, er det ein betydeleg aktør i konsesjonskraftsamanheng.

I august 2017 var heile styret samla i Tromsø for å vere med å feire at LVK vart 40 år og konsesjonskraftlovene 100 år. Det er viktig for styret og deltakarane å stå saman med administrasjonen i KIKS, LVK og Kraftfylka for at samfunnskontrakten som desse rettane er tufta på skal leve vidare.

KIKS skal vakte og forsvare rettane og føre verdien tilbake til deltakarane. Styret i KIKS er svært nøgd med arbeidet administrasjonen gjer på dette området, og det er viktig at KIKS held fram arbeidet sitt med å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

Administrasjonen i KIKS har stort fokus på at forvaltninga av konsesjonskraft skal vere effektiv, slik at mest mogleg av verdiskapinga blir ført tilbake til deltakarane. Med over 30 års erfaring ser ein at organiseringa i Agder gjer nettopp dette. KIKS er ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

Eit viktig arbeid i styret i 2017 har vore revidering av strategiplan. Det har vore ein god prosess der det tidleg kom fram at hovudmål og retning ligg fast. Endringane gir ei tydelegare formulering enn før på kontakt med deltakarane og samarbeid med andre miljø.

Eg vil takke administrasjonen for å gjere eit komplisert tema forståeleg og ikkje minst spennande. Ein ser verkeleg verdien av konsesjonskraftordninga. Takk til styret, deltakarane og samarbeidspartnarar for eit samarbeid som tek vare på verdien.

Kristiansand, 23.03.2018

Terje Damman
Styreleiar



Dagleg leiar har ordet

I 2017 feira vi ein sprekk 100-åring. Når vi har undervisningsopplegg i skulane, fortel vi om Castberg og kor godt konsesjonskraftlovene fungerer for å gi noko av verdiskapinga att til kommunane der naturinngrepa skjer. Konsesjonskrafta er ikkje ein skatt, det er vasskraft som kommunane kan kjøpe til kostpris og disponere slik dei sjølv vil. For kraftselskapa er dette god risikostyring, dei får betalt det det kostar å produsere konsesjonskrafta.

Kommunane i Agder har valt å samle konsesjonskrafta si i KIKS, noko som historisk har vist seg å vere lønsamt. Over tid har selskapet opparbeidd seg ein kompetanse som sørgjer for at kommunane får dei verdiane dei har rett på frå fyste dag og til den prisen dei skal betale. Ved utgongen av 2017 tok KIKS ut om lag 13 GWh konsesjonskraft som endå ikkje er berekna av NVE.



Side | 3

Det blir tala mykje om at konsesjonskrafta har stor verdi for kommunane, men verdien i kroner endrar seg kvar dag, kvar time. Deltakarane i KIKS har vedteke at dei vil ha pårekelege inntekter, og sikrar derfor konsesjonskrafta etter ein risikostrategi. At vi nå har lågare inntekter enn tidlegare år, betyr at prisane igjen er på veg oppover, og KIKS får betre betalt for konsesjonskrafta i åra som kjem.

I forvaltninga av risikostrategien har administrasjonen høve til å avvike frå jamn sikring for å endå betre kunne ta vare på verdien for deltakarane. I samråd med forvaltar har KIKS sidan 2015 vore undersikra i høve jamn sikring og dette har til no gitt verdiar. Berekningane viser at desse posisjonane skapte eit resultat som var om lag 5 millionar kroner høgare i 2017.

Konsesjonskraft er meir enn kroner og euro. Dette viser Representantskapet og Styret tydeleg gjennom strategiplanen som blei vedtatt i representantskapsmøte i desember 2017. Ein strategiplan som administrasjonen kan identifisere seg med og sjå nytten av i det daglege arbeidet. Det har ein verdi å lære den oppveksande slekta om 100 år gamle lover. Tettare kontakt med deltakarane i kraftrelaterte spørsmål gjev KIKS eit innblikk i kva som rører seg og gjer oss betre rusta til å forvalte konsesjonskrafta. Samarbeid med LVK og Kraftfylka på konsesjonskraftspørsmål er avgjerande for at deltakarane best mogleg kan take vare på verdiane.

Dagleg leiar vil takke representantskapet og styret for tilliten i å forvalte rettane til deltakarane. Det betyr mykje og gir ekstra motivasjon når tilbakemeldingane er direkte og det er god takhøgde i diskusjonane. Høgast under taket er det nok internt i administrasjonen og eg vil rette ein stor takk til Anne Liv, Arne og Sveinung for deira høge faglege kompetanse og positive innstilling. Så får det berre vere at dei ikkje alltid ler av ordspela mine.

Når dette skrivast er 2018 godt i gang og det er mange spennande ting på tapeten. Hybridbilen kjem i løpet av året til å bli bytta ut med spanjolane sitt favoritttransportmiddel: El bil.

Valle 23.03.2018

Glenn Qvam Håkonsen
Dagleg leiar

Controller har ordet

Vedtatt risikoreglement har følgende formulering vedrørende controllers arbeid:

» Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.»

Controller har bl.a. utført følgende kontrolloppgaver i 2017:

1. Finansiell sikring av kraft er på løpende basis kontrollert mot sikersstrategiens bestemmelser.
2. Periodiske kontroller av at valutasikret volum tilsvarer finansielt sikret volum.
3. Ad hoc kontroller ved behov.
4. Periodiske kontroller av at generelle rutiner følges.



Side | 4

Kontrollverktøy er videreutviklet i 2017.

Controller har deltatt på porteføljeutvalgsmøter, styremøter, representantskapsmøter og andre aktuelle møter.

2017 var det sjette året hvor controllerfunksjonen er blitt ivaretatt av Aust-Agder fylkeskommune. Controller rapporterer ved behov til daglig leder, og det er i 2017 i tillegg utarbeidet halvårlige rapporter. Det har vært jevnlig kontakt med daglig leder.

Konsesjonskraft IKS har i 2017 jobbet målrettet med sine kontrollrutiner.

Administrasjonen i KIKS har i 2017 i betydelig grad benyttet de fullmakter som risikoreglementet gir til å avvike fra normalstrategien og til å foreta avvikshandler.

Kontrollarbeidet har også i 2017 vært lagt opp slik at kontrollen er proaktiv der dette er mulig, og dokumenter som er vesentlige for å holde seg innen risikostrategien er kontrollert. Kontrollen har ikke avdekket vesentlige avvik.

Arendal, 23.3.2018

Bent Sørensen
Controller

Årsmelding 2017

Styret legg med dette fram årsmeldinga for driftsåret 2017.

MÅLSETTING

Konsesjonskraft IKS (KIKS) vaktar og forsvarar deltakarane sine rettar, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane.

Side | 5

KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

VERDIAR

KIKS står for:

- Truverde – all verksemd i KIKS skal vere tufta på samfunnsmessige vurderingar
- Kvalitet – alle gjeremål skal kvalitetssikrast og det skal arbeidast kontinuerleg med kvalitetsutvikling
- Tryggleik – skal legge til grunn ein langsiktig tankegong i alle sine gjeremål

KIKS arbeider kvar dag for å sikre deltakarane sine verdiar på ein langsiktig og god måte.

STRUKTUR

Selskapet er organisert i medhald av lov om interkommunale selskap.



Øyarvatn, Sira-Kvina

VERKSEMDAS ART OG DRIFTSSTAD

Konsesjonskraft IKS driv med sal av konsesjonskraft og har kontorstad i Valle i Setesdal.

FRAMHALD AV DRIFTA

Føresetnaden for framleis drift er til stades, og årsrekneskapet er gjort opp under denne føresetnaden.

FINANSIELL RISIKO

Selskapet sin marknadsrisiko er i all hovudsak knytt til svingingar i kraftprisar og valuta. For å redusere den finansielle risikoen, har selskapet ein risikostrategi ved handel av kraft. Områderisikoen vert ikkje sikra.

Risikostrategien skal sikre deltakarkommunane og –fylkeskommunane påreklelege og stabile inntekter ved å sikre konsesjonskrafta. Strategien startar sikring 3 år før leveringsåret, og det sikrast jamt fram til budsjettprognosen leverast 1. oktober året før levering. Risikostrategien opnar for at ein kan avvike frå strategien dersom kraftprognosane talar for det. Med stadig aukande prognoser på kraftprisen frametter har administrasjonen utnytta rammene i risikostrategien og har posisjonert seg for aukande kraftprisar.

Det er også knytt risiko til framtidige endringar i rammevilkår fastsett av politiske styresmakter, klimatiske tilhøve, den internasjonale økonomiske utviklinga og til tolkingar av regelverket knytt til konsesjonskraft.

Selskapet har god reservekapital og solid likviditet.

OPPFØLGING AV STRATEGIPLAN

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2018-2021 blei vedtatt av representantskapet i møte 15. desember 2017. Styret fylgjer opp denne i kvart styremøte.

Oppfølging av strategiplan 2018-2023

Representantskapet vedtok 15. desember 2017 ny Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp for perioden 2018-2023. Verdiane, etiske prinsipp og hovudmål er uendra og KIKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane med verdiane truverd, kvalitet og tryggleik.

KIKS skal vakte og forsvare deltakarane sine rettar og føre verdien tilbake til deltakarane. Dette blir ikkje berre gjort gjennom det operative arbeidet med å hente ut konsesjonskrafta frå dag ein til rett pris, men også ved å ha fokus på læring og kunnskap i administrasjon, så vel som politisk og hos deltakarkommunane elles.

KIKS fekk inn 9,5 GWh i auka årleg konsesjonskraftvolum frå Skjerka den 1.12.2017 og har ved utgongen av 2017 ei årleg konsesjonskraftmengde på 870 GWh.

Undervisningsopplegg i skuleverket

KIKS har i samarbeid med Ungt Entreprenørskap gjennomført undervisningsopplegg ved 7 ungdomsskular i 2017. Undervisningsopplegga får gode tilbakemeldingar og dei begynnar å bli ein del av årshjulet til skulane.

I samband med at strategiplanen er endra frå undervisningsopplegg på ungdomsskulen til undervisningsopplegg i skuleverket har KIKS også halde presentasjonar for elevar i vidaregåande utdanning. I den eine presentasjonen fekk KIKS til og med presentert kva konsesjonskraft er for elevar frå Russland, India, Ungarn, Tyskland og Slovenia.

Samarbeid med kommunane

I arbeidet med å take vare på verdien er det viktig for KIKS å ha tett kontakt med deltakarane. Fokuset til KIKS er konsesjonskraft, men den kompetansen som blir opparbeidd på det området, kan også brukast i andre kraftrelaterte spørsmål. Det er også viktig for KIKS å få informasjon og lære av

deltakarane.

DRIFTSUTGIFTER OG DRIFTSINNTEKTER

Rekneskapsåret 2017 er det sjuande heile året med eksisterande forvaltningsregime. KIKS syter for omsetning av den fysiske krafta gjennom NordPool Spot, prissikring gjennom NasdaqOMX og valutasikring gjennom avtale med Danske Bank.

Side | 7

I 2017 selde KIKS totalt 862 GWh, der 852 GWh vart omsett på NordPool Spot. 10 GWh vart avrekna finansielt bilateralt basert på faktiske spotprisar, der litt over 1 GWh av desse kom frå det auka konsesjonskraftvolumet i Skjerka gjeldande frå 1.12.2017. Vi hadde prissikra og valutasikra til saman 820,5 GWh.

Samla driftsutgifter er på kr 6 844 722, kr 1 210 278 lågare enn budsjettert. Reduksjon kjem frå lågare lønsutgifter, mindre sikringshandel enn risikostrategi, betre vilkår i ny forvaltaravtale og generell kostnadsreduksjon. KIKS arbeider for å sørge for effektiv drift samtidig som det blir brukt ressursar der verdiane kan skapast.

RESULTAT OG RESERVEKAPITAL

Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter er på kr 117 412 265 mot kr 133 978 262 i 2016.

Inntekt/kostnad i øre/kWh					
År	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto inntekt	36,6	33,6	36,6	27,7	25,6
Snitt kjøpspris	11,1	12,0	11,1	11,5	11,8
Netto inntekt	25,5	21,6	25,5	16,2	13,8
Spotpris	29,8	23,3	29,8	26,9	27,2

Avsett reservekapital etter årsoppgjersdisposisjonar er for Aust-Agder kr 111 597 717. For Vest-Agder er avsett reservekapital på kr 34 072 463. Representantskapet har gjort vedtak om at reservekapitalen skal utgjere minst kr 73.800.000 totalt for deltakarane frå Aust-Agder. For Vest-Agder skal reservekapitalen over tid utgjere 50 % av inntekta i eit «normalår».

Dei seinare åra har kraftprisane våre låge samanlikna med tidlegare år. Grunna lang sikringshorisont, tek vi innover oss dei låge prisane i 2017. Men terminprisane har betra seg og KIKS legg nå opp til ei auke i prognosane for åra 2018-2021 i høve det som tidlegare er kommunisert. På totalnivå legg KIKS opp til å redusere reservekapitalen dei neste 4 åra slik at kvar deltakar har same reservekapital i øre/kWh. Dette betyr at deltakarane frå Aust-Agder, som har opparbeidd meir reservekapital, vil redusere sin reservekapital meir enn deltakarane frå Vest Agder.

Utbetalingar/avsettingar reservekapital i øre/kWh					
År	2013	2014	2015	2016	2017
Utbetalt deltakarane	22,1	19,9	14,9	13	10,7
Avsett reservekapital til saman	3,3	1,3	2,6	2,6	2,9
	25,4	21,2	17,5	15,6	13,6

FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Avkastninga på reservekapitalen utgjer kr 4 625 660 (3,8 % p.a.) mot kr 2 636 941 (2,6 % p.a.) for 2016.

Endringar i regelverk gjer at KIKS i 2017 måtte bruke kassakreditt framfor garantiar i marginkrav på finansiell krafthandel. Desse kostnadane utgjorde kr 778 927 mens det vart ein nettovinst på spotsal av EUR på kr 853 392 (agio).

Side | 8

Renteinntekter på bankinnskott knytt til drift vart 672 807, noko som gav eit samla overskott på finansrekneskapen på kr 5 367 853 mot kr 2 073 051 for 2016.

EIGARDEL OG ANSVARSDEL

Selskapsavtalen frå 2014 går fram til og med 31. desember 2029.

